

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnigt:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstanden i riket og om styringa i 1948.

Det er skipa diplomatisk samband med Etiopia, Filippinene, Honduras, India, Libanon, Nicaragua, Pakistan, Panama og Syria.

Noreg har vori med i generalforsamlinga i dei Sameinte Nasjonane og i ei rad mellomfolkelege konferansar om politiske, økonomiske, sosiale, kulturelle og andre spørsmål.

Stortinget har gjevi sitt samtykke til godkjenning frå norsk side av dokumenta frå grenseoppgangen mellom Noreg og Sovjet-Samveldet i 1947.

Skipnaden til den Meteorologiske Verdsorganisasjonen og den Internasjonale Telekommunikasjonsunionen har vorti ratifisert.

Det har vist seg at det er turvande å om-skipa og rasjonalisera norsk opplysningsarbeid i utlandet og arbeidet for å fremja kultuelle samband mellom Noreg og andre land. Det har difor vori arbeidd med å greia ut spørsmålet om eit eige institutt for dette arbeidet på liknande måte som dei organisasjonane dei har m. a. i Danmark og Sverige.

Det er gjort kulturavtalar med Belgia og Storbritannia.

Det er gjort betalings- og varebyteavtalar med Danmark og Austerrike og med dei vestlege okkupasjonssonene i Tyskland. Varebyteavtalane med Jugoslavia, Sovjet-Samveldet, Sverige, Tsjekkoslovakia og Ungarn og med den sovjetiske okkupasjonsonna i Tyskland er lengde. Vidare er det gjort varebyteavtalar med Belgia, Finnland, Frankrike, Nederland, Polen og Sveits.

Noreg har skrivi under Havana-charteret om å skipa ein mellomfolkeleg handelsorganisasjon og har slutta seg til Generalavtalen om tolltariffar og handel. Sameleis har Noreg slutta seg til semja om européisk økonomisk samarbeid. Med Sambandsstatane har Noreg gjort ein avtale om økonomisk samarbeid i tilknyting til det europeiske etterreisingsprogrammet. I samband med det har Noreg slutta

seg til Parisavtalen om intereuropéiske betalingar og kompensasjonar.

Noreg er med i studiegruppa for ein européisk tollunion og er med i det sams nordiske utvalet for økonomisk samarbeid. Det er gjort luftferdsleavtalar med Argentina, Tsjekkoslovakia, Tyrkia og Eire, og det har vori tinga med ei rad andre land om luftferdsleavtalar.

Ein avtale om mellomfolkeleg godkjenning av rettar i luftparty er underskriven.

Noreg har vori med i eit mellomfolkeleg rådleggjingsmøte om å skipa ein mellomstatleg rådgjevande skipsferdsleorganisasjon, og har vori med på eit møte i førebuingsnemnda som vart nedsett på den konferansen der det vart vedteki å skipa denne organisasjonen.

Det er gjort avtale med Argentina om ymse-sidig fritaking for skatt på inntekter på skipsferdsle- og luftferdsleverksemid.

Noreg har ratifisert ei mellomfolkeleg semje om kvalfangsregulering, som vart underskriven i Washington 2. desember 1946.

Gjennom målsmannen sin ved det interallierte skadefotbyrået i Brüssel har Noreg vori med i tingingane om dei krigsskadebøtene fra Tyskland som står til rådvelde.

Med ymse land er det teki opp tingingar om å greia serlege økonomiske mellomvære som skriv seg frå krigen og skader på norske interesser. Med Sambandsstatane er det gjort avtale om oppgjerd av slike mellomvære, og likeins er det gjort avtale med Italia om oppgjer for fiskeleveransar og anna.

Den økonomiske utviklinga.

Realøkonomisk har 1948 vori eit godt år. Vokstertilhøva var sers gode for jordbruks-Industriproduksjonen var om lag 15—20 pst. høgre enn i 1938. Det har vori mogleg å auka produksjonen med å minka råvarelagra. Tilgangen på arbeidskraft har vori for liten i ymse industriar. I fisket var fangstmengda større enn nokon gong tidlegare. Prisane var gode, så fangstverdet vart uvanleg høgt. Vare-innførsla frå utlandet har vorti minka. Ut-førsla synte stor stiging. Skipsfraktene fall, men den aktive tonnasjen har auka. I dei andre næringane har tilhøva stort sett vori gode.

Jordbruket.

Akervidda har auka nokolite i 1948. Den nedgangen som har vori sidan 1942, tykkjест vera stogga. Avlingane var sers store over heile landet. Det gjaldt for alle voksterslag.

Etter førebels utrekningar vart avlingsmengda i året 1948 37,7 millionar føreiningar over eit medels år og 472 millionar føreiningar over årsavlinga i 1947. Men innhaustinga var mindre god, så kvaliteten vart sett noko ned.

Potetrygda vart innførd frå 1. juli 1948. Potetvidda er auka med om lag 80 000 dekar. Det vart eit svært godt potetår, og den samla potetavlen vart difor stor.

Hagevoksteren slo og godt til, serskilt kjernefrukt. Hagebæra gav derimot under medels avling. Grønsakene gav gode avlingar serleg på Austlandet og i Agderfylka. Talet på høns har auka, men talet på andre husdyr har gått ned. Helsetilstanden mellom husdyra våre er stort sett svært godt. Den mjølkemengda som meieria vog inn, har vori større enn i 1947. I dei fyrste ti månadene i 1948 var såleis den innvegne mjølkemengda 15 pst. større enn i dei tilsvarende månadene i 1947. Tilførsla av kontrollert slakt var mindre i 1948 enn i 1947. Prisane på dei fleste landbruksvarene har stigi noko i 1948.

Skogbruket.

I driftsåret 1947—48 vart det avverka 6,5 mill. m³ salstømmer, eit tal som ligg noko høgre enn kvantumet i eit normalår, men noko lågare enn planlagt. Grunnen til at drifta ikkje vart større, var skort på arbeidskraft og den sers snørike vinteren. Vokstertilhøve i skogen var gode i 1948. Men dei store snømengdene vinteren 1947—48 førde til store skader, serleg i sørsluten av landet. Turken i 1947 gjorde likevel mindre skade enn ein først rekna med. I driftsåret 1948—49 er det planlagt å driva fram 7 mill. m³. Skogsdrifta kom tidleg i gang i år, men talet på hoggarar har vori mindre enn åra før. Meldinga om tømmerdrifta pr. 15. desember 1948 viser at det til den tid var hogd 3,3 mill. m³ mot 2,75 mill. m³ på same tid ifjor. Skorten på arbeidskraft gjer det vanskeleg å få gjort dei kulturarbeida som trengst.

Fisket.

Det har vori eit svært godt år for fisket. Fangstmengda var om lag 1,3 mill. tonn. Medelkvantumet i førkrigsåra 1930—39 var 935 000 tonn. Fangstmengda i 1948 kjem venstreleg til å setja rekord også i verda, med eit

førstehandsverde på ikring 325 mill. kroner mot om lag 296 mill. kroner i 1947, som og vart rekna for eit rekordår.

At fangsten vart så stor kjem av det uvanleg rike vintersildfisket. Fangstmengda var 8,8 mill. hl eller om lag 3,5 mill. hl meir enn i nokon sesong tidlegare. Dei fleste andre viktige fiska, som t. d. skrei- og loddetorskfisket, var mindre gode.

Avsetningstilhøva har vori lette. I dei første 11 månadene vart det ført ut fisk og fiskevarer for om lag 420 mill. kroner. Dette er meir enn i noko år før. Det tilsvarende talet for 1947 er såleis 367 mill. kroner. Serleg stor har utførsla vori av hermetikk, salta sild, fersk fisk og frosen fisk. Alt i alt var fiskeutførsla om lag 20 pst. av landsens samla utførsls.

Stoda har betra seg når det gjeld reiskap.

Atterreisinga av fiskarflåten og tilverkingsanlegg har haldi fram. Ein reknar med ei bruttoinvestering i fisket på i alt 77 mill. kroner i 1948. Av dei gjekk 35 mill. kroner til farty og 40 mill. til reiskap. Nye kjøleanlegg og fryseri er fullførde. Bruttoinvesteringa i fisketilverkinga er rekna til 31 mill. kroner. Store summar har gått med til vøling og vedlikehald. Ein reknar med at nettoinvesteringa i fisket kom opp i vel 10 mill. kroner og i fiske-tilverkinga i vel 21 mill. kroner. Talet på farty i fiskarflåten er no like høgt som før krigen, og fangstkapasiteten er større enn før krigen. Men medelalderen på fartya ligg noko høgre enn før krigen.

Industrien.

Stiginga i industriproduksjonen har haldi fram i 1948. Auken har likevel vori mindre enn i dei to førre åra. I førstninga av året var produksjonen noko meinka av skort på vatn. Det var serleg dei utførsla-industriane som brukar mykje kraft som vart råka hardast. Då vårløysinga sette inn, vart kraftrestriksjonane etter kvart tekne bort. Tilgangen på råemne har stort sett vori noko betre enn førre året. Den store innførsla i 1947 gjorde det mogleg å leggja opp lager som vart nyitta i 1948. Talet på arbeidarar som var sysselsette i industrien auka med om lag 18 000. I mange greiner er det framleis skort på arbeidskraft, serleg fagarbeidarar.

Produksjonen har stigi i dei fleste industri-greiner. Både heimeindustrien og utførsla-industrien har hatt framgang. Utførsla-industrien ligg enno under førkrigsnivået. Malm- og metallproduksjonen er låg sidan A/S Sørvaranger Gruver enno ikkje er i drift. Avsetninga av bergverksprodukt har vori betre og prisane på kis og malm høgre enn førre året.

Den elektro-kjemiske industrien har vori meinka av skort på vatn, dessutan sette Herøy-a-konflikten tilverknaden ned. Treforedlingsindustrien har hatt vanskar med tømmer-tilførsla. Tilførsla har likevel vori betre enn i 1947.

Oppattbygginga av dei norske gruvene på Svalbard er i hovudsaka ferdig, og kolproduksjonen frå desse gruvene aukar.

I St. meld. nr. 17 for 1948 er det lagt fram program for kraftutbygginga her i landet fram til 1954—55. Etter planen tek ein siktet på å få fullført kraftverk til ein samla kapasitet på om lag 1,1 mill. KW i åra 1948—54. Statens kraftverk Mår nærmar seg snogt si fullføring. To aggregat på i alt 72 000 KW er alt sette i drift, og dei to neste på same storleik vil bli tekne i bruk i denne terminen.

Bygge- og anleggsvirksomhet.

Ved anleggsverksemda har det vori om lag same sysselsetjing som i 1947. Ein har no, noko permanent og noko provisorisk, fått bygd oppatt og vølt dei viktigaste sambandslinene. Trass i dei store krava om å halda fram med bygging og vøling, måtte ein alt i 1947 avgrensa og i nokon mon minka på anleggsverksemda for å tryggja større tilgang på arbeidskraft til andre føremål, som til byggearbeid og skogsarbeid og anna.

Byggeverksemda har vori hindra av skort på byggevyrke og fullgod arbeidskraft. Det er serleg innført vyrke og armeringsjern, installasjonsmateriell, røyr og sanitærutstyr det er skort på.

I 1948 vart det teki i bruk vel 14 000 husvære. Ved årsskiftet rekna ein med at om lag 13 000 husvære var i arbeid.

I Finnmark og Nord-Troms kom byggeverksemda seint i gang for di byggekostnadene hadde stigi sterkt. Det vart fastsett at staten skulle auka tilskota til trelasta så prisstiginga på desse materiala vart utjamna. Samstundes vart det sett kraft i arbeidet for å hindra ei utgliding av byggeprisane, og fram gjennom sumaren lykkast det å få prisane monaleg ned. Det vart da mogleg å greia finansieringa utan auke i dei beinveges tilskota, og det vart gjenomført ei vidfemnande byggeverksemde fram gjennom sumaren og hausten 1948.

Den norske Stats Husbank har utvida verksamda si enda meir. I 1948 har han gjevi tilsegn til 6 000 lån på i alt 350 mill. kroner.

Forsyningane.

Det har vori turvande å halda oppe rasjoneringsa på dei viktigaste matvarene. Den vanlige valutasituasjonen førde til minking av

innførsla. Feittrasjonen vart sett ned hausten 1947 og har seinare vori ubrigda. Tilgangen på mjølk har vori noko betre enn førre året. Stort sett er det enno for liten tilgang på frukt og husdyrprodukt til å stetta etterspurnaden. Forsyninga av korn, poteter og vanlege grønsaker har vori svært god.

Ser ein på industrien under eitt, har tilgangen på råvarer vori noko betre i 1948 enn i 1947.

Tilførslene av tekstilråvarer har i 1948 vori store nok til at industrien har kunna auka tilverknaden til over førkrigsnivået. Innførsla av ferdige tekstilarer har vori mykje mindre enn i 1947, og alt i alt har tilgangen på tekstilarer til forbrukarane vori knapp.

Til hud-, skinn- og lêrindustrien har det etter måten vori god tilgang på råvarer. Tilverknaden av skinnsko og gummiskoty under eitt har i 1948 vori større enn før krigen. Det har vorti ført inn lite skoty, og den samla tilgangen har enno ikkje vorti stor nok til at rasjoneringsa har kunna takast bort.

Gummiindustrien har hatt god tilgang på råvarer og produksjonen ligg langt over førkrigsnivået.

Med omsyn til kjemikali så har tilførslene av nykelvara kaustisk soda vori bra. Konflikten ved Norsk Hydro vart derimot kjenneleg for tilførslene av kalsinert soda. Tilførslene av linolje har vori knappe, og ein har mått halda oppe rasjoneringsa. Tilførsla av oljefrø, -nøtter og -kjernar har vori større enn førre året, og oljemøllene har kunna auka tilverkningen.

Tilførsla av trevyrke til treforedlingsindustri har vori betre i 1948 enn i 1947. Produksjonen nærmar seg førkrigsnivået.

Det er framleis knapt om stål- og jernhalvfabrikata til jern- og metallindustrien, men tilførslene er større enn før krigen.

Enda om kolinnførsla har gått noko ned, har det ikkje vori skort på kol. Ein stor del av industrien har etter krigen gått over frå å bruka fast til å nytta flytande brensel. Serleg har treforedlingsindustrien gått til slik omlegging. Innførsla av mineralske brenseloljar har i 1948 vori mykje større enn før krigen.

Produksjonen av kol på Svalbard er komen over førkrigshøgda.

Skipsfersla.

Atterreisinga av handelsflåten har haldi fram i 1948. Tilgangen på nybygde skip har auka monaleg siden 1947 og var i 1948 på om lag 420 000 br. tonn. Av det var om lag 50 000 tonn bygde ved norske verkstader. Det vart i 1948 kjøpt eldre skip frå utlandet på tilsaman

om lag 180 000 tonn, det er ein sterk nedgang frå året før. Frågang ved forlis og sal til utlandet var i alt om lag 100 000 tonn. Nettotilgangen på tonnasje i 1948 blir såleis om lag 500 000 br. tonn mot 680 000 br. tonn i 1947. Til 1. januar var flåten komen opp i om lag 4,46 mill. br. tonn. Dei nemnde tala er ikkje endelege.

Omframvølingane frå krigstida skulle stort sett vera unnagjorde, og ein reknar med at flåten når det gjeld tonnasje, vil vera etterreist i slutten av 1949.

Pr. 1. januar var det i bygging og tinga for norsk rekning i Noreg i utlandet ein tonnasje på i alt om lag 2 117 000 br. tonn til eit verdi av om lag 2 950 mill. kroner, irekna tilleggs-kostnader. Av denne tonnasjen fell på norske verkstader om lag 310 000 br. tonn til eit verdi av om lag 635 mill. kroner.

Flåten har vori fullt sysselsett i 1948. Fraktene gjekk monaleg ned i 1948, men netto-frakta blir likevel større i år enn i 1947, for di flåten har vorti større.

Ei rekje tankskip vart i 1948 slutta på 5—10 års tidscerteparti. Med dei fraktsluttingane som var gjorde før 1. april 1948 vil jamt over 29 pst. av flåten segla på tidscerteparti i tidbolken 1949—52 og etter eit overslag skaffa netto-valutainntekter på tilsaman 1 080 mill. kroner.

Kvalfangst.

Kvalfangsten i fangstbolken 1947—48 gav eit svært godt resultat. Produksjonen var vel 1 mill. fat eller 177 940 tonn olje. Nærepa 75 pst. av produksjonen vart seld utanlands til ein pris av 110 £ for tonnet. Resten gjekk til forbruk innanlands til ein pris av 40 £ for tonnet. Fangstverdet var i alt om lag 381 mill. kroner (medrekna utjamningsavgift). Den aktive kvalflåten var på 9 kvalkoker og 91 kvalbåtar. Dette var ein auke på 2 kvalkoker og 28 kvalbåtar frå førre fangstbolken. I denne fangstbolken er Noreg med med 10 kvalkoker og 100 kvalbåtar.

Planen for etterreising av kvalfangstnæringa gjekk ut på å byggja opp kvalfangsflåten til nivået før krigsen. Med omsyn til kokerimateriell reknar ein med å ha nådd dette nivået.

Utanrikshandelen.

Verdet av utførsla har haldi fram å stiga i 1948. Tek ein med kvaloljen som blir seld seinveges frå feltet, kjem utførsleverdet truleg opp i 2 100 mill. kroner. Dette er om lag 300 mill. meir enn i 1947. Innførsleverdet har gått ned frå førre året. Det vil venteleg nå opp

i 3 600 mill. kroner, medrekna skip. Verdet av innførsla i 1947 var 200 mill. kroner høgre.

Den store auken i utførsleverdet er for det meste eit resultat av prisstiginga. Utførsle-mengda ligg òg noko høgre enn i 1947, men er monaleg mindre enn før krigsen. Mengda av fisk, fersk og salta, har auka frå førre året, sameleis av papirmasse, metallar og malmar. Mengdene av gjødsel og fiskehermetikk syner nedgang. Mengda av papirmasse, malmar og pelsdyrskinn ligg enno langt under førkrigs-nivået. Nedgangen i innførsleverdet kjem av den store minkinga av innførsla av skip og tekstilvarer. Prisane heldt fram å stiga for dei fleste innførslevarene.

Sysselsetjing.

Sysselsetjinga har auka gjennom heile året, og var til kvar tid høgre enn på same tid i 1947. Statistikken som byggjer på dei pliktige sjuketrygda syner ein auke på om lag 30 000 til slutten av 3. kvartal i 1948. Noko av denne auken kjem av sesongrørsbla. Talet på syssel-sette i industrien aukar stendig. Den leigde arbeidskrafta i jordbrukskunst synest ha haldi seg om lag like stor som førre året. Det kan tyda på at straumen av arbeidskraft frå jordbrukskunst til andre yrke har vori sers liten i 1948 og. Den store auken i tonnasje i handelsflåten vår har kravd ikkje liten ny tilgang på mannskap. Ein reknar med ein auke på om lag 3 000 mann i kystfart og utanriksfart under eitt. Arbeids-løysa var noko større i dei første månadene i 1948 enn på same tid i 1947. Grunnen til det var det vanskelege været og føret sist vinter. Utover våren minka arbeidsløysa snøgt. Sidan mai månad har etterspurnaden etter arbeidskraft vori større enn tilbodet. Spenninga mellom tilbodet og etterspurnaden etter kvinneleg arbeidskraft har vori sers stor.

Arbeidsdirektoratet har byrja med ei systematisk områdeplanlegging, som tek sikte på å kartleggja dei økonomiske hjelpekjeldene i landet, og arbeida ut framtidige investerings-planar for å nytta ut desse hjelpekjeldene meir effektivt. Til denne tid har områdeplanlegginga vori avgrensa til Nordland fylke.

Løner.

Det ligg enno ikkje føre nokon statistikk over lønnsrørsbla i 1948. I april var det ein generell revisjon av tariffane. Revisjonen gjekk ut på ein auke på opp til 10 øre for timen for vaksne menn med timeløn under kr. 2,60 i Oslo og under kr. 2,50 utanfor Oslo, og for kvinner på same måten under kr. 1,70 og kr. 1,60. Desse tillegga skal ta til å gjelda om

talet på akkordtimar er mindre enn 25 pst av dei samla arbeidstimane. For dei tariffane som ikkje kom inn under tariffavtalen mellom hovudorganisasjonane, vart det ved tinging,mekling eller lønsnemnd-orskurd gjeli visse tillegg som stort sett samsvara med aprilavtalen. Ein nemner såleis funksjonærar som kjem inn under Handelens arbeidsgiverforening, utanriksfarten, innanriksfarten, arbeidarar i papirindustrien og skog- og jordbruksarbeidarar. Ei rad lønsavtalar for kommunale arbeidarar og funksjonærar er reviderte i 1948. For dei avtalane som ikkje er reviderte, vart det gjeli tillegg i samsvar med aprilavtalen. Det nye lønsregulativet for statsfunksjonærar tok til å gjelda i 1948.

Prisutviklinga.

Prispolitikken har stendig teki sikte på å hindra stiging i det ålmenne pris- og levekostnadsnivået. Å gjennomføra denne stabiliseringsslina har gjort det naudsynt med offentlege pristilskot. For budsjettåret 1946—47 var tilskotet på 478 mill. kroner og for 1947—48 702 millionar. Engrosprisindeksen viser litt stiging i 1948. Prisrørsbla har vori svært ulik for dei ulike varer og varegrupper. Engrosprisen for innførde varer steig med 7 pst. frå november 1947 til november 1948. Dei innanlandske varene fall med 0,3 pst. i same tidsrommet. Det var stor spreiling i prisrørslene på innførde varer. Bly steig med vel 47 pst. Formstål, gangjern og stålplater steig med om lag 14 pst. og brenselolje og petroleum med 22 og 19 pst. Prisen på sukker gjekk ned med 24,5 pst. Denne nedgangen i sukkerprisen var eit resultat av stønadstiltak som vart sette i verk i mai månad for å hindra ei stiging i levekostnadene. Av innanlandske varer viste vegetabiliske jordbruksvarer eit fall på 4,1 pst., prisen på animalske var ubrigda. Andre innanlandske varer synte ein liten prisauke på 0,2 pst. Ein må hugsa på at prisane på jordbruksvarer i stor mon er haldne nede med statstilskot. Engrosprisindeksen for jordbruksvarer viser berre dei prisane engroskjøparane betaler, men syner ikkje dei prisane produsentane får. Prisindeksen med grunnlag i dei prisane jordbruksvareprodusentane fekk, syner ein oppgang på vel 3 pst. frå oktober 1947 til oktober 1948. Av andre innanlandske varer var det trevarer, jern og metall, jern- og metallvarer og kjemiske og tekniske varer som hadde stigi. Feitt- og gummivarar hadde gått ned. Gruppa ulike næringsmiddel gjekk ned med 17 pst. Denne nedgangen kjem av prisnedsetjing på margarin som følgd av stønads tilskotta. Detaljprisane som dei kjem fram

ved levekostnadsindeksen har gått noko ned. Talet var 157,5 i desember 1947 og 157,1 i november 1948. Talet steig i førstninga av året fram til mai månad. Nye stønadstiltak heldt indeksen på same høgd gjennom sumarmånadene. Ut over hausten har det vori ein liten nedgang.

Penge- og valutamarknaden.

Pengemarknaden har vori lett i året som gjekk. Mengda av likvide midlar mellom folk har minka på grunn av omframkattane og det store innførsleoverskotet. Statsrekneskapen viser overskot på driftsbudsjettet med 154 mill. kr., som såleis i nokon mon dekkjer anleggsutgiftene på 216,9 mill. kroner. Utlån og innskot i bankane har auka. Utlåna steig sterkest utpå hausten. Setelomlaupet har auka litt. Det låge rentenivået har vorti haldi ubrigda. Noregs Banks diskonto er framleis 2,5 pst. Omsynet til etterreisinga og levestandarden gjorde det turvande med ei større innførsle enn det valutainntektene i same tid kunne dekkja. Noko av denne meir innførsla vart finansiert med utanlandske lån. Vanskane med å få utanlandske lån har vori store. Tildelingane under det Europeiske Atterreisingsprogrammet tok til våren 1948. Det har letta valutasituasjonen monaleg. I tillegg til dei beinveges tilskota under det Europeiske Atterreisingsprogrammet er det god von om at det europeiske samarbeidet som er i emning, vil stimulera handelen landa imellom.

Offentlege finansar.

I krigstida styrkte kommunane pengestoda si mykje. Gjelda vart redusert og samstundes auka dei likvide midlane dei låg inne med. I etterkrigsåra har kommunane gått til store vølingsarbeid og nyinvesteringar. Desse tiltaka har dei i nokon mon finansiert med å ta opp lån. På den andre sida auka skatteinntektene sterkt i 1947—48, så det er mogleg at pengestoda for alle kommunar under eitt ikkje brigda seg.

Utgiftene og inntektene til staten har auka sterkt dei siste åra. Det er serleg pristilskota, militærutgiftene og utgiftene til sosiale føremål som syner største auken. Det var turvande å ilikna ein ekstraskatt for å dekkja dei store militærutgiftene. Statsinntektene har òg vaksi mykje. I rekeskapsåret 1947—48 var det overskott på driftsbudsjettet med 154 mill. kr. Til å dekkja kapitalutgifter på tilsaman 294,9 mill. kr. var det naudsynt å bruka lånemidlar med om lag 126,5 mill. kr.

Då avdrag på statsgjelda er teki med i kapitalbudsjettet med 77,6 mill. kroner, er nyopp-låninga på 48,9 mill. kroner.

Kyrkje, skule og opplæring.

Oslo bispedøme er delt og Tunsberg bispedøme er skipa frå 1. juli 1948.

Den norske kyrkja har vorti medlem av verdssamskipnaden for kristne kyrkjer (World Council of Churches) som vart skipa i september 1948.

Kyrkjeleg verksemd og prestearbeid går sume stader føre seg under vanskelege tilhøve, av di kyrkjer og forsamlingshus vart øydelagde i krigstida. Dette gjeld serleg i Finnmark og Nord-Troms, der ein enno ikkje har fått etterreist nokon av dei øydelagde kyrkjene.

Folkeskulen arbeider under vanskelege tilhøve med omsyn til lærarkrefter og skulerom. Det er sendt serskild melding til Stortinget om dei krav som fylgjer med aukande barnetal og utbygging og nyreising av skuleverket etter folkeskulen.

Framhaldsskulen har òg hatt store vanskar med omsyn til husrom og lærarar, serleg då i praktiske fag. Men framhaldsskulen har likevel vori i god vokster, og fleire kommunar har skipa pliktig framhaldsskule.

Av ungdomsskulane er 84 i gang med om lag 4700 elevar mot 92 med om lag 6000 elevar i 1939—40. Trondarnes folkehøgskole er bygd opp att etter brannen. Toten skuleheim har brunni, og ein arbeider med planar om opattbygging. I samsvar med tiårsplanen for utbygging av skulane for evneveike er det sett i gang skule på Solheim i Lunner.

Det er haldi fram med å gjennomføra landsplanen for realskular og gymnas i bygdene. Av statsrealskular er teki opp to nye på statsbudsjettet, nemleg Firda realskule i Sogn og Fjordane, og Brandbu realskule i Opland. Vidare er det i tillegg til landsplanen sett i gang eit statsdrive gymnas i Finnmark (Alta).

Ved vanlege yrkesskular og lærlingeskular her i landet er det i alt om lag 14 500 elevar. Dessutan var det ved omframme opplæringskurs i 1948 tilsaman om lag 18 000 elevar. Talet på norske elevar ved tekniske skular og yrkesskular i utlandet var om lag 800. Det er gjevi vanleg statstilskott til 8 nye verstadskular, nemleg Askim, Brummundal, Tønsberg, Telemark (Lunde), Rubbestadneset, Nordmøre (Sunndal), Støren og Inntrøndelag (Egge).

Ved lærarskulane vart det i 1948 uteksamert i alt 369 kandidatar, av dei 283 på dei 2-årige studentlinene. Det har vore naudsynt

å ta opp etter måten mange studentklasser, for å få utdana fleire lærarar så snart som råd.

Lova frå 9. juli 1948 om Universitetet i Bergen tok til å gjelda 30. august, og universitetet opna 1. september 1948. Førebels har det tre fakultet. I haustsemestret studerer om lag 430 studentar der. Ved Universitetet i Oslo er det tilsaman om lag 5000 studentar.

I utlandet er det om lag 1700 studentar som får valuta. Av desse reknar ein med at om lag 400 er ferdige og kjem heim med det fyrste.

Statens lånekasse for studerande ungdom har lånt ut om lag 8,5 mill. kroner, av dei gjeld om lag 2,5 mill. vårsemestret 1949. Det er meir enn ein hadde rekna med, så det vart turvande å auka grunnfondet med ein ny statsobligasjon på 1 mill. kroner.

Det er gjevi ei ny lov om studentsamskipnader 23. april 1948, og det har komi til samskipnader i Trondheim og Bergen frå 1. september 1948.

Det er vedteki lov om Riksteater 13. desember 1948 og gjort vedtak om ymse tiltak til å fremja arbeidet for god filmkunst. Det er 4. november 1948 vedteki lov om avgift til bate for kunstnarane ved sal av bildande kunst.

Ny administrasjonsskipnad for Norsk Riks-kringkasting er sett i verk.

Rettsoppgjaret.

Om lag 10 700 persnar som er dømde til fridomsstraff eller har vedteki førelegg på fridomsstraff for landssvik, var lausslepte ved utgangen av 1948 anten på prøve eller etter å vera ferdige med straffetida, medan om lag 1900 framleis sit inne til avsoning.

11 tvangsarbeidsleirar for landssvikfangar er nedlagde i året. Talet på slike anstalter er no 12.

Sosiale tiltak.

Som ein lekk i striden mot dei store folkesjukdomane er det vedteki lover om ålmenn vaksinering mot tuberkulose, om tuberkulin-prøving og skjermbiletfotografering. Arbeidet med å gjennomføra desse tiltaka har gått etter planen. Dessutan er det vedteki lov om utdanning m. m. av sjukesystrer. Det er enno færre sjukesystrer enn det trengst. Det har stendig vori ein kjenneleg skort på plassar til å stella sjuke av ulike slag. Men med hjelp frå dei løvyingane som er gjevne, har arbeidet med å gjera stoda lettare gått planfast framover. Ein er komen lenger med å avvikla

hjelpetiltaka for evakuerte. Til dessar har ein kunna leggja ned 18 større og mindre inkvarteringsleirar for evakuerte. Av dei om lag 28 000 evakuerte frå Nord-Troms og Finnmark som heldt til utanfor heimstadene sine ved årsskiftet 1945—46, er om lag 23 000 førde attende.

Forsvaret.

I samsvar med Stortingsvedtak er Noreg med i okkupasjonen av Tyskland med ein brigade av Hæren. I oktober 1948 flytte brigaden frå Harz til Slesvig-Holstein.

Samferdsela.

Transportverksemda har hatt lag til å auka. I høve til før krigen ligg trafikken på samferdslemedla innanlands og trafikken for telekommunikasjonane og postverket frå 50 til over 100 pst. høgre.

Rørsla i folkemengda i 1948.

Den folkemengda som høyrer heime i landet og som ved utgangen av 1947 var rekna til 3 164 000, kan ved utgangen av 1948 setjast til om lag 3 200 000. Folkemengda vil såleis i 1948 ha auka med om lag 36 000.

Etter førebels oppgåver var det i dei 3 første kvartala av 1948 20 891 giftarmål mot 20 118 i tilsvarende tidsrom i 1947. Det vart registrert 50 381 levandefødde born i dei 3 første kvartala av 1948 mot 52 520 i 1947, og talet på døde var 20 830 mot 22 175 i 1947.

Fødselsoverskotet i dei tre første kvartala av 1948 var noko mindre enn i same tidsrom i 1947.

Etter ei førebels oppteljing av flytningar til og frå utlandet var det i dei 3 første kvartala av 1948 eit overskot av utflytte til oversjøiske og andre land på 1 502 personar.

Gjevi på Oslo slott 7. januar 1949.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern